

Til

Bergen, 22.04.2025

- Skikretsstyret
- Greinkomiteane
- Skigruppene
- Valkomiteen

## **INNKALLING TIL SKIKRETSTINGET 2025**

### **1. INNKALLING**

Skikretsstyret kallar med dette inn til Skikretssting (jfr. HSK – lov §13)

**Stad:** Bergen, Idrettens hus – Fjøsangerveien 58 B.

**Tid :** Onsdag 21. mai 1730 – 2100(fagmøter). (Tingdelen 1930 – 2100)

### **2. RAMMEPROGRAM**

**Vårmøta i greinene startar kvelden og vil føregå før Kretsting.**

*Kl. 17:30      Vårmøter i greinene. Eige program for kvar grein.*

*Kl. 19:00:      Felles pause*

*Kl. 19:30:      Opning av Skikretstinget 2025*

- Program med saksliste for behandling av tinget. (Sakslista og programmet vert oppdatert 1 veke før).

*Kl. 21:00      Avslutning*

### **3. STEMMEBERETTIGA PÅ TINGET**

På skikretstinget møter med stemmerett. (Basert på presisering i lov for godkjenning på tinget 2019)

- a) Skikretsstyret
- b) Representantar frå laga etter følgjande skala:

|                             |                    |
|-----------------------------|--------------------|
| For medlemstal t.o.m 50     | - 1 representantar |
| For medlemstal 51 t.o.m 150 | - 2 representantar |
| For medlemstal 151-         | - 3 representantar |



# Norges Skiforbund

## Hordaland Skikrets

Representantar frå idrettslaga må vere valt på årsmøte eller oppnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøte og påmeldt innan 11. mai.

Elles er tinget ope for observatørar som ynskjer å følgje tinget.

#### 4. INNMELDING AV SAKER

Org. ledd som ønskjer å fremje saker på tinget må sende desse til skikretsen seinast **onsdag 7. mai 2025**.

#### 5. SAKLISTE

Skikretsen har ikkje saker som krev utgreiing eller gjennomgang i laga, før kretstinget. Eventuelle saksframlegg utanom normale årsmøtesaker kjem difor eventuelt frå laga. Fullstendig sakliste med vedlegg vert sendt ut seinast 1 veke før tinget.

#### 6. DELTAKING FRÅ BEGGE KJØNN

På skikretstinget skal det vere representantar frå begge kjønn. Kjønnssfordelinga i medlemsmassen til skikrinsen er retningsgjevande for samansetninga.

#### 7. ØKONOMI

Representantane (laga) må sjølve dekke sine kostnader med reise.

- Skikretsen sørger for lett bevertning for dei som tek turen til Idrettens hus i Bergen.

#### 8. PÅMELDING

Påmelding til Kretstinget gjer ein via påmeldingslenkje:

[PÅMELDING](#)

Det er opent for observatørar om det er slik at ein ikkje er ein av dei som representerer laget. Dette registrerer ein i påmeldinga.

NB! Frist for påmelding til Skikretstinget er **søndag 11. mai 2025**.

**Skikretsstyret ynskjer vel møtt til Skikretsting!**

Med venleg helsing  
Hordaland skikrets

Johan Børsheim (s)  
Leiar

Bernt Rusten (s)  
Adm. sjef